



Stendal VVS AS
Blombakken1
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/966 - 16/8911

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:
04.05.2016

Godkjenning - etablering av felles privat vassleidning fram til gbnr 25/40 m. fleire på Fosse.

Administrativt vedtak. Saknr: 118/2016

Tiltakshavar: Svenn Tore Jordal m.fl
Ansvarleg søkjar: Stendal VVS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

Saksutgreiing:

Tiltak:

Stendal VVS har ved søknad, journalført 12.04.2016, og supplerande dokumentasjon, journalført 24.04.2016, søkt om løyve til å etablere ein felles vassleidning fram til gbnr 25/40 m. fl. på Øvre Fosse.

Denne leidningen skal knytast til eksisterande private vassleidning tilhøyrande gbnr 25/13 og 25/111 som går frå kommunal kum. Det ligg føre naudsynt erklæring som gjev eigedomande gbnr 25/4, 25/40, 25/92 og 25/119 løyve til dette.

Leikeeins ligg det føre erklæring med rett til å leggja omsøkt leidning over privat grunn over eigedomande gbnr 25/13, 25/4 og 25/6.

Vurdering:

Nabovarsel:

Tiltaket er ikkje nabovarsla særskilt, men det ligg føre skriftleg erklæring frå alle berørte eigedomar .

Lov- og plangrunnlag:

Leidningstraceen inneber ikkje tiltak som kjem i konflikt med LNF-omsyn i kommuneplanen .

Plassering:

Tiltaket skal plasserast som vist på motteke situasjonskart, journalført 12.04.2016.

Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan journalført 27.04.2016. Ansvarlege i byggesaker innestår for at tiltaket blir utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lov, jf pbl § 23-1.

Vedtak

«Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 bokstav a og f, blir det gitt løyve til graving og nedlegging av privat felles vassleidning på Fosse fram til gbnr 25/40 m. fl. som omsøkt, jf søknad journalført 12.04.2016 og supplerande dokumentasjon journalført 27.04.2016.

Tiltaket skal plasserast og utførast som vist på motteke situasjonskart, journalført 12.04.2016.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar, jf pbl § 23-3.

Tiltaket skal elles gjennomførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova, så framt ikkje anna følgjer av vedtaket eller vurderinga over.

Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som går fram av søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse. Løyvet fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyvet vart gitt, eventuelt dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn to år, jf pbl § 21-9.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Vassleidning 25-40 m.fl.

Kopi til:

Svenn Tore Jordal

Fosse 226

5918

FREKHAUG

Mottakere:

Stendal VVS AS

Blombakken1

5911

ALVERSUND